

UTDRAG

Dette utdraget er frå ei bok som er planlagt å vere ferdig hos Samlaget i førstninga av februar i år. Utdraget gir eit visst inntrykk av tematikk og problemstillingar. Innhaldslista syner kva som blir tatt opp til nærmare undersøking utover i boka.

Første-opplaget er lite. Dermed vil ein kombinasjon av ideologisk tagnad i pressa og aktiv fordømming på sosiale media kunne fjerne boka frå kategorien «vårens aktuelle sakprosa-bøker». Det at NATO-kritiske folk nemner tematikken og boka i ymse samanhengar, kan kanskje motverke at forsøket mitt forsvinn i NATO- ideologiens svarte hol.

Jon Hellesnes

NATO-KOMPLEKSET

Om militærpolitikk, atomvåpen og norsk USA-servilitet

INNHALD

Forord

Framtid?

Immanent kritikk? Innvendingar og svar

Faren ved asymmetriske militæralliansar

Aspektblind krigshissing

Kollektiv skuld?

Den humanitære diskursen og den barbariske Libya-krigen

Kva har Kim Jong-un lært?

Semantisk forvirring, NATO-norsk og Orwellsk nytale

Det utsatte despoti

Er ein sivilisert atomvåpen-strategi muleg?

Kva med militærrealismen? – eller om krig og etikk

Kva slags nasjonalisme?

Sjølvsbedrag – ei sak for filosofien eller den kliniske psykologien?

I staden for sluttord

Opplysningar

FORORD

Kva som er den største trusselen mot menneskearten, klimaendring med ein påfølgande serie av enorme øko-katastrofar eller atomkrig, er dessverre blitt eit aktuelt spørsmål. Den politisk-kritiske delen av denne boka er avgrensa til faren for krig. At eg ikkje går inn på problemet om klimaendring og økopolitikk, grunnar seg ikkje i mangel på respekt for denne sida ved saka; den gjeld jo i høgste grad framtida til menneskeslekta. Eg har respekt for dette problemområdet, men andre har betre føresetnader for å gå inn på det. Når det gjeld krigstrussel og militærpolitikk, har eg derimot ein relevant bakgrunn; politisk filosofi, inkludert militærfilosofi, og samfunnsteori høyrer til fagkrinsen min som universitetsmenneske. Dessutan har eg følgt med i politikk heile det vaksne livet mitt. Likevel ville det vere ei overdriving å seie at politikk har vore hovudinteressa mi. Gjennom eit etter kvart langt liv har eg for eksempel aldri meldt meg inn i noko politisk parti (ikkje eingong i noko parti-byggarlag). Men no kallar situasjonen på såkalla tverrpolitisk satsing, og den bør også partilause vere med på.

Under militærøvinga «Joint Reindeer» i Nord-Norge vinteren 2018 uttalte ein nederlandsk offiser, Harro de Vries, at det kjennest som om vi nærmar oss ein ny kald krig. Ytringa er så villeiande som den kan bli. Vi har jo alt vore inne i den nye kalde krigen i fleire år no. Denne gongen manglar frontane dessutan rasjonelle aktørar som veit, eller i det minste er interesserte i, kor langt ein kan gå utan at terrorbalansen bikkar over i full krig. Den labile tilstanden gjer faren for atomkrig større no enn under den førre kalde krigen; det er noko den amerikanske militæranalytikaren og historikaren Stephen F. Cohen har framheva. Det same har tidlegare sjef-analytikar i CIA Ray McGovern gjort.

Ein del lesarar vil kunne kjenne att titlar på nokre av skriftstykkane, og versjonar av dei har vore brukte før, noko eg har gjort nærare greie for bak i boka. Men skriftstykkane er endra. Ein del bøker av viktige amerikanske granskarar og samfunnskritikarar, for eksempel Noam Chomsky og Diana Johnstone, har gjort meg merksam på at eg har vore for forsiktig. Realiteten er verre enn eg har fått

fram tidlegare. Eg har prøvd å bøte på det her. Dessutan har eg måta skriftstykkka til slik at dei passar saman og gjensidig støttar kvarandre.

Innhogga mine er ueinsarta. Ein del av dei er naturlegvis politisk-kritiske, til dels polemiske. Som kjent, har all politisk kritikk normative føresetnader; dei som er operative i mitt tilfelle, gjer eg greie for i «Framtid?». Skriftstykket om militærrealismen markerer overgangen til ein annan sjanger. Her aktualiserer eg visse fagfilosofiske emne samtidig som eg prøver å unngå å bli snevert akademisk.

Ersfjordbotn, 15. oktober 2018

Jon Hellesnes

FAREN VED ASYMMETRISKE MILITÆRALLIANSAR

For eit lite land har det alltid vore risikabelt å alliere seg med ei stormakt. Faren ved asymmetriske militæralliansar er kjent frå gammalt av. Kunnskapen er nedfelt i storverket om Peloponnes-krigen av Thukydides (ca. 470 – 401 f.v.t.). Den har dessutan støtte i strategiske analysar frå nyare tid. Somme politikarar er glupe, dei har forstått dette uavhengig av bokleg lærdom. Olav B. Oksvik (1887 – 1958) hadde neppe lese Thukydides eller Thomas Hobbes. Men han hadde betre politisk dømmekraft enn ein kvar gjennomsnittsakademikar. Dermed innsåg han klart problemet med asymmetriske militæralliansar. C. J. Hambro (1885 – 1964) hadde bokleg lærdom i tillegg til god politisk dømmekraft. Begge desse kloke politikarane fann NATO-medlemskapet problematisk (jf. historikaren Oddbjørn M. Melle i Klassekampen 30. mars, 2017). I så måte var dei ikkje heilt på linje med partia dei representerte. Oksvik var i Arbeidarpartiet, Hambro i høgre; han var endåtil leiar i Høgre eit par periodar.

I 1949 fekk Oksvik refs frå dei mektige i partiet sitt. Det var fordi han hevda at eit norsk medlemskap i Atlanterhavspakta var uheldig; det kunne endåtil kome til å gjere Norge til deltakar i krigar langt borte i strid med norske sikkerheitsinteresser. Refsarane karakteriserte dette som ufin og urealistisk skrekkpropaganda frå Oksviks side. Etter at Norge har vore med på å øydelegge Libya i 2011 og har deltatt militært i den syriske borgarkrigen, står Oksviks innvending i eit litt anna lys.

For å greie å halde eit lite land relativt skadefritt innanfor ein asymmetrisk militærallianse er det nødvendig (men utilstrekkeleg) at landet har glupe politiske leiarar med «en mistenksom aktpågivenhet også overfor våre allierte», for å seie det med Hambro. Utan slike politikarar aukar risikoen. Aller farlegast blir det når sentrale politikarar gir seg til å snakke ømt og lengtande om «vår

nærmeste Allierte». Hos dei dovnar kunnskapen om at Norge har egne tryggingssbehov. Då er det i staden stormakta sine geopolitiske interesser som gjeld. Kva slike politikarar då kan få seg til å akseptere, skal eg gjere merksam på ved å presentere kortversjonen av ei sann historie.

I første del av 1980-åra var den internasjonale situasjonen farleg, om ikkje like farleg som no. Då la NATO ei stor militærøving til det som i dag heiter Nordområda. Eg hugsar ikkje årstalet. Det eg derimot hugsar godt, var eit innslag i NRK/Fjernsynet. Ein amerikansk informasjonsoffiser blei intervjuet. Han talte svært fritt. Ja, det var som om han snakka med kollegaer i den amerikanske marinen. Kanskje forstod han ikkje at han talte til eit norsk publikum? Iallfall la han ikkje skjul på kva som låg til grunn for militærøvinga. Det var det siste nye i NATO-strategien. Det dreia seg om det såkalla krigsteateret, kor det burde ligge i tilfelle krig med Sovjetunionen. Målsettinga var å skyve krigsteateret langt unna store NATO-land så som USA, Storbritannia og Forbundsrepublikken Tyskland. Kort sagt: Krigsteateret skulle ligge her nord. Nærmare bestemt hos oss!

«Skandale!» tenkte eg. «Denne amerikanske offiseren seier jo med reine ord at NATO, i tilfelle krigsutbrot, skal gjere Norge til slagmark.» Eg såg for meg digre avisoverskrifter. Dei ville kome i løpet av dei nærmaste dagane, trudde eg. Storting og regjering ville òg kome til å reagere. Men då trudde eg feil. I norske aviser stod det ingenting. Det politiske systemet synte heller ingen reaksjon. Det blei verande stilt. Ein tung tagnad la seg over landet. Eg for min del tenkte mitt: Det norske styringsverket er som Gudbrand i Lia. Norske media er som kona hans. I folkeeventyret hos Asbjørnsen & Moe tapte gubben alt på grunn av toskeskapen sin, men kona var like blid, nærmast takksam for det han hadde gjort.

Det å gjere eit lite NATO-land til slagmark av taktiske grunnar for så å slå uventa til frå ein annan kant, er i samsvar med grunnsynet til den tidlegare amerikanske president-rådgivaren og no avlidne hauken med polsk namn: Zbigniew Brzezinski. Den instrumentelle innstillinga hans til små NATO-land er klart uttrykt i boka hans *The Grand Chessboard* (New York 1997, s. 58). Ei karakteristisk Brzezinski-utsegn er omsett i den interessante boka *Dovre faller* (Oslo 2014, s. 225): «Den brutale sanninga er at Vest-Europa, og i stigande grad Sentral-Europa, i det store og heile er og blir eit amerikansk protektorat, med allierte statar som liknar på tidlegare vasallstatar og skattland.» Med andre ord: Vasallstatar må berre akseptere alt føydalherren finn på. Dei mest USA-servile i mainstream-media og i den norske politiske eliten kjem farleg nær ein krypande aksept av «Brzezinski-doktrinen».

Rett nok kan mainstream-aviser stundom vere harde i kritikken sin av norske politikarar, men det er helst når dei har tulla med reiserekningar, leigd ut eit stabbur, utvida brygga si utan kommunal løyve eller laga bøll i privatlivet. Så lenge politikarane avgrensar seg til å arbeide for amerikanske våpenlager og amerikanske basar på norsk territorium, for fleire og større militærøvingar ved den russiske grensa, for tettare norsk tilknytning til amerikansk atomvåpenstrategi og liknande, får dei vere i fred.

Ei kort påminning om kva USA og det såkalla nye NATO har drive med, er på sin plass. Frå og med åttaket på Jugoslavia i mars 1999 har den militære aktiviteten ført med seg stadig meir av destruksjon og brot på folkerett og militær etikk. Kapitlet «Aggresjonsforbrytelsen» i Ståle Eskelands juridiske verk *De mest alvorlige forbrytelser* (2011) gir ein kort historikk over denne innsatsen i tillegg til ein fagjuridisk gjennomgang. Han viser til Bruno Simma, ein av dei fremste folkerettsjuristane i verda. Simma har konkludert med at den krigen som starta med USAs åtak på Irak i 2003, ikkje berre øydela dette landet, men også skada restane av det internasjonale legale systemet for sivilisering av militær maktbruk og okkupasjon. Ifølgje han er USA (med varierende koalisjonar) hovudkrafta i den rasinga av folkeretten som har skjedd den siste tjueårsperioden. Medlemmer av Solberg-regjeringa snakkar derimot som om det berre finst eitt folkerettsbrot i denne perioden, Russlands annektering av Krim. I så måte verkar dei uvitande og temmeleg forskrudde. Somme håpar at dei berre gjer seg til.

Den vestlege propagandaen, der også NRK/Fjernsynet gir eit sterkt tilskot, blendar ute den NATO-åtferda som Russland reagerer på. Som eg kjem nærmare inn på i skriftstykket nedanfor, er framferda aspektblind på den måten at den ikkje gir akt på provokasjonen, berre på reaksjonen hos motparten. På individnivået blir det å ikkje merke aggressiviteten i si eiga åtferd, berre reaksjonen hos motparten, diagnostisert som mental sjukdom.

Det mest groteske i propagandaen er likevel påstanden om at Russlands frykt for Vesten er oppdikta, eller at den iallfall er grunnlaus. Mannefallet under den første verdskrigen var stort. Dei vestlege intervensjonane under borgarkrigen gjorde også stor skade. Under den andre verdskrigen blei Sovjetunionen ei slagmark der krigen òg blei avgjort. Meir enn 25 millionar sovjet-borgarar let livet. Det russiske folket har altså god grunn til å frykte Vesten. Dette er di meir opplagt på bakgrunn av den krigsviljen som har vist seg i dei folkerettsstridige åtakskrigane til USA (med varierende koalisjonar). Dersom NATO-propagandistane meiner det dei sjølve seier, står det dårleg til med dei. Slike menneske ser ikkje poenget i måtehald.

Edward Snowden har «frigitt» NSA-dokument som nettmagasinet *The Intercept* publiserte fredag 2. mars, 2018. Dei handlar om etterretningssamarbeidet mellom Norge og USA vis-à-vis Russland. Norge har i mange år overvaka dei militære datasystema til Russland og dermed forsynt Pentagon med krigsviktig informasjon. Det blir sagt at Norge er den eine av dei to næraste og viktigaste etterretningspartnerane til USA. Slik sett, er det heva over tvil at Russland har god grunn til å frykte den militære oppbygginga USA/NATO driv med på norsk territorium. Radaren i Vardø, stasjonen for avlytting av satellittkommunikasjon utanfor Hønefoss («Victory Garden») og alt utstyret til etterretning elles er provoserande nok. I tillegg har amerikanske soldatar fått ein base på Værnes og ein annan i Troms. Store lager av avansert krigsmateriell er også plasserte i Norge, og meir skal det bli. Kampfly skal plasserast på Ørlandet og i Bodø. Amerikanske kampfly skal ha Rygge flyplass som base.

Ei ny dokumentavsløring gjer det klart at Pentagon likevel er uroa over situasjonen ved NATOs nordflanke. Dermed er det aktuelt å plassere minst åtte overvakingsfly av typen P-8A Poseidon på Andøya flystasjon. Dessutan bør det også vere minst tjue kampfly ved nordflanken, for eksempel på Andøya og/eller ved Bodø, heiter det.

I tillegg har den gløgge journalisten Bård Wormdal grave fram dette: Amerikanske ubåtar i norske farvatn, som kan vere væpna med kjernefysiske missil, får truleg tilgang til det satellitt-baserte kommunikasjonssystemet i Nord-Norge. Dermed blir Norge nærare knytt til den amerikanske atomvåpenstrategien. At Russland har plassert missil som kan føre atomvåpen i Petsjengadalen nær grensa til Norge, er dermed lite merkeleg.

Ifølge etterretningssjef Morten Haga Lunde har Russland i det siste øvd på flyåtak mot militære mål i Norge tre gongar. Eitt av måla er naturlegvis radaren i Vardø. Dersom Norge i tillegg blir kopla til det såkalla rakettskjoldet, er landet vårt endå meir utsett. Både nett-tilknyttinga til dei amerikanske ubåtane og rakettskjoldet kan nemleg, frå russisk side, tolkast som tiltak for å sikre evna til eit kjernefysisk førsteslag. Den gamle vestlege haukedoktrinen er nemleg slik: *Det er muleg å vinne ein atom-krig, men berre om ein slår til først.* Ingen vanleg statsborgar (neppe norske regjeringsmedlemmer heller) veit kva USA vil bruke Norge til, men for ei stormakt kan det vere rasjonelt å by fram ein småstat som ei muleg slagmark. Det er som eit lurt bondeoffer i sjakk, heilt i samsvar med tenkemåten til Brzezinski.

Som vi veit, er det vanskeleg å gjere den provoserande inneburden av den rådande militærpolitikken til tema i offentleg politikk; for det finst førande medlemmer av den politiske eliten her i landet som har det med å godta alt USA

finn på. Dei er neppe drivne av undergangslengt, men lever i bobla si. NATO-bobla. Med ei omskriving av visse passasjar av ein kjend poet kan vi karakterisere dei slik: Dei er fanga av draumen om at noko vedunderleg skal skje, at det må skje, at noko skal opne seg, at tida skal opne seg, at dører skal opne seg, at meir skal opne seg, for eksempel ei stilling i NATO-hovudkvarteret.

P. S.

Ola Tunander, som har militærpolitikk og kaldkrig-historie som forskingsfelt, og som på 1980-talet tok doktorgraden med ei avhandling om US Maritime Strategy, har lese det eg har skrive ovanfor om ein amerikansk informasjonsoffiser og Norge som krigsteater. Tilbakemeldinga hans er at den amerikanske strategiske tenkinga i 1980-åra opna for å bruke Norge på nettopp den måten eg har beskrive – om nødvendig, som det gjerne heiter. I ettertid er det, som han også peikar på, blitt kjent at forsvarsminister Johan Jørgen Holst og utanriksminister Knut Frydenlund med eit visst hell prøvde å stagge amerikanarane. Ministrar som er innstilt på å forsvare norske interesser *mot* amerikansk strategisk tenking manglar vi i dag. Denne mangelen utgjer ein alvorleg sikkerheitsrisiko for Norge.

OG SÅ GÅR DET VIDARE SOM ANTYDA I INNHALDSLISTA